



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato
12.01.2016

Vår referanse
2016/513

Hordaland fylkeskommune
Kommunane i Hordland

Kap. 225 post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg

Fylkesmannen i Hordaland viser til retningslinjer fastsett av Kunnskapsdepartementet 2014 i samsvar med § 8 i Reglement for økonomistyring i staten og tilhøyrande *Bestemmelser om økonomistyring i staten*. Retningslinjene tredde i kraft 15. november 2014, og gjeld inntil nye retningslinjer blir fastsett.

Målet for ordninga er å bidra med finansiering til kommunar og fylkeskommunar slik at barn og unge som søker opphald i Noreg, får grunnskoleopplæring og /eller vidaregåande opplæring jf.§§ 2-1 VA-1 tredje ledd og 3-1 tolvte ledd. Tilskotsordninga omfattar òg barn og unge i akuttmottak.

Tilskotet vert utbetalt etterskotsvis for skuleåret 2015/2016 - to gonger i året:

- Første utbetaling: Tilskotet for hausthalvåret vert utbetalt i februar/mars.
- Andre utbetaling: Tilskotet for vårhalvåret vert utbetalt i august/september.

Tilskotet vert utbetalt for hausten med 4 månader i følgjande budsjettår og 6 månader på våren etter avslutta skuleår.

Tilskotet blir fastsett på bakgrunn av kor mange barn og unge som er i målgruppa den 1. i kvar månad. jf. retningslinjene pkt.3.

- Grunnskoleopplæring av barn og unge asylsøklarar i mottak, dei som bur privat og av dei som søker familiegjeforeining kr 82 763 per barn per år eller kr 8 276 per barn per månad i 10 månader.
- Grunnskoleopplæring av einslege mindreårige asylsøklarar i omsorgssenter og dei som bur privat kr 180 102 per barn per år eller kr 18 010 per barn per månad i 10 månader.
- Vidaregåande opplæring av unge asylsøkarar i mottak, omsorgssenter og dei som bur privat. Gjeld og dei som søker familiegjeforeining på kr 190 306, - eller kr 19 031 per månad i 10 månader.

Skjema til Utdanningsdirektoratet skal nyttast ved krav om utbetaling for haust og vår halvåret 2015/16 for barn og unge i asylmottak/omsorgssenter/privat. Sjå lenke. Vi tek atterhald om eventuelle endringar. Det er viktig at søknadane inneheld alle opplysningar, og det er viktig at etterslep ikkje førekjem - jf. retningslinjene pkt. 7.2.

Frist for hausthalvåret 10.februar 2016
Frist for vårhalvåret 10. august 2016

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Haldis Håpoldøy
seniorkonsulent

<http://www.udir.no/Regelverk/Tilskudd/Alle-tilskuddsordninger/Skoleiere/grunnopplaering-asylmottak/>

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.